



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/452-6

Sakshandsamar: Magne Sturød

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Landbruk, miljø og teknisk utval		
Helse og sosialutval		
Oppvekst, kultur og idretts utval		
Formannskap		
Kommunestyre		

Budsjettrapportering 1. tertial 2025

Saksframlegg godkjent 25.05.2025.

Tone Lunde Skaalen

kst. kommunedirektør

Bakgrunn for saka

Budsjettrapport skal leverast formannskap og kommunestyre kvart tertial eller oftare, og rapport for 1. tertial blir no lagt fram. Etatane har rapportert direkte til kommunedirektøren. Rapporten er konsentrert om økonomi i drifts- og investeringsbudsjettet, sjukefråvær/HMS og avvik.

Saksutgreiing

Driftsrekneskapen og -budsjettet

Tabell 1

Plan-område	Forbruk lønn pr 30.04.25	Periodisert lønnsbudsjett	Avvik i % lønn	Forbruk totalt pr 30.04.25	Periodisert budsjett totalt	Avvik i % totalt
1 - Sentraladministrasjonen	11 713 969	11 492 876	-1,92 %	15 620 531	15 565 742	-0,35 %
2 - Oppvekst	28 970 836	28 848 296	-0,42 %	31 169 931	31 167 986	-0,01 %
3 - Helse og Omsorg	37 121 090	37 991 311	2,29 %	36 715 738	37 769 671	2,79 %
4 - Plan, Næring og Kultutr	4 418 826	4 690 606	5,79 %	8 130 536	8 651 143	6,02 %
5 - Teknisk	10 779 950	10 798 962	0,18 %	15 558 198	14 314 531	-8,69 %
Totalt alle planområde	93 004 671	93 822 051	0,87 %	107 194 934	107 469 073	0,26 %

Tabell 1 viser at rekneskapen pr 1. tertial ligg tett på periodisert budsjett. Om ein tar inn konsekvensjusteringane (1,768 mill) som blir lagt fram i denne saka viser rekneskapen eit mindreforbruk på ca 1,9 % i forhold til budsjett. Teknisk etat har eit nokså stort meirforbruk på drift, elles ser tala gode ut for dei fleste planområda, både på lønns- og driftssida.

Men det er framleis tidleg i året, og det vil alltid vera periodiseringsverknader i rekneskapen som det er utfordrande å ha full oversikt over. Når me i tillegg kjenner den økonomiske situasjonen i åra som kjem vil det vera svært viktig å halda kostnadene nede så mykje som mogleg i tida framover.

Tabell 2

Budsjettjusteringar på planområdene 1. tertial 2025		
Planområde 1 - Sentraladministrasjonen	ps nr	Sum (1000 kr)
Opphøveleg ramme 2024		44 441
Sum justeringar 1. tertial		0
Revidert ramme 1. tertial		44 441
Planområde 2 - Oppvekst		
Opphøveleg ramme 2024		87 431
Sum justeringar 1. tertial		68
Øyremerka statstilskot til undervisningsutstyr		68
Revidert ramme 1. tertial		87 499
Planområde 3 - Helse og omsorg		
Opphøveleg ramme 2024		105 420
Sum justeringar 1. tertial		1 100
Sjuepleiarteam	3/2025	900
Overført ramme, kostnad Alarmsentralen frå PLO 5		200
Revidert ramme 1. tertial		106 520
Planområde 4 - Plan, næring og kultur		
Opphøveleg ramme 2024		25 454
Sum justeringar 1. tertial		200
69 grader nord prøvebustad - utbetaling	52/2023	600
Tilskot Eidsborg grendehus	28/2025	
Overført ramme konsulent til PLO 5		-400
Revidert ramme 1. tertial		25 654
Planområde 5 - Teknisk		
Opphøveleg ramme 2024		28 800
Sum justeringar 1. tertial		400
Leikeplassar - Utbetring av avvik	18/2025	200
Overført ramme, kostnad Alarmsentralen til PLO 3		-200
Overført ramme konsulent frå PLO 4		400
Revidert ramme 1. tertial		29 200
Sum alle planområde drift opphøveleg budsjett		291 546
Sum alle planområde drift 1. tertial		293 314

Tabell 2 viser framlegg til budsjettjusteringar på planområdene pr 1. tertial. Justeringane er konsekvensar av vedtak som er gjort så langt i år, eller tidligera år, og det er nokre justeringar mellom planområda pga ny oppgåvefordeling. Desse går i null samla sett, og påverkar dermed ikkje driftsresultatet.

Tabell 3

Revidert budsjett pr 1. tertial 2025				
Driftsbudsjett - 1000 kr	Rekneskap pr 30.04.2025	Vedtatt budsjett 2025	Justering pr 30.04.2025	Revidert budsjett pr 30.04.2025
1. Sentraladminstrasjonen inkl NAV V-T	15 621	44 441	-	44 441
2. Oppvekst	31 170	87 431	68	87 499
3. Helse- og omsorg	36 716	105 420	1 100	106 520
4. Plan, næring og kultur	8 131	25 454	200	25 654
5. Teknisk etat	15 558	28 800	400	29 200
Sum fordelt til driftsområda	107 195	291 546	1 768	293 314
6. Fellesinntekter/-utgifter				
Skatt forskotspåltige	35 455	80 136	-	80 136
Naturressursskatt	-	22 800	-	22 800
Sum skatt	35 455	102 936	-	102 936
Eigedomsskatt	21 876	43 600	-	43 600
Konsesjonskraftsal (kaup)	-2 615	-6 000	-	-6 000
Konsesjonskraftsal (sal)	12 810	35 300	5 000	40 300
Konsesjonsavgifter	-	8 300	-	8 300
Rammetilskot frå staten	35 944	97 985	68	98 053
Andre statlege tilskot	-	-	-	-
Integreringstilskot	4 998	10 670	-	10 670
Sum andre innt.	108 468	292 791	5 068	297 859
Brutto driftsresultat (eks. avskr.)	1 273	1 245	3 300	4 545
Rente- og avdragsinntekter	2 121	6 000	1 000	7 000
Utbyte VTK m.fl.		5 500	-	5 500
Rente- og avdragsutgifter	2 520	25 200	3 000	28 200
Sum renter og avdrag	-399	-13 700	-2 000	-15 700
Sum fellesinntekter	108 069	279 091	3 068	282 159
Netto driftsresultat	874	-12 455	1 300	-11 155
Finanstransaksjoner				
Bruk av disposisjonsfond	-	12 455	-1 300	11 155
Bruk av bundne fond - kons.avg.	-	8 300	-	8 300
Overført til investeringsrekneskapen	-	-	-	-
Avsett til disposisjonsfond	-	-	-	-
Avsett til bundne fond - kons.avg. m.m.	-	-8 300	-	-8 300

Når det gjeld fellesinntekter/-utgifter (Tabell 3) er det etter 1. tertial grunnlag for justera opp prognosane for konsesjonskraftsal med 5 mill kr. Det er også frå Staten løyvd 68 tusen kr over rammetilskotet øyremærkt undervisningsmateriell. Rentekostnadene enda ein del høgare enn budsjettert i 2024, og bør, saman med renteinntektene justerast opp i budsjettet. Samla sett gir budsjettjusteringane ei betring i netto driftsresultat på 1,3 mill kr, og reduserar forventa bruk av disposisjonsfond frå 12,455 mill kr til 11,155 mill kr,

Finansrapportering

Rentenivået held seg noko høgare enn venta. Fastrentelåna (33% av samla lån) dreg rentekostnadene noko ned, og gjennomsnittleg lånerente ligg no på ca 5,1 %. Den nye bankavtala gir god innskotsrente, og gjennomsnittleg rente på bankinnskot er så langt i år ca 5,3 %. Lånegjelda var ved årsskiftet på 331 mill kr, og det er så langt i år betalt ca 4,3 mill i avdrag.

Investeringsrekneskapen og -budsjettet

Investeringsbudsjettet (tabell 3) justerast etter 1. tertial opp med totalt 4,1 mill kr i brutto investeringsutgifter. VA-prosjektene er justert etter det uspesifiserte kuttet som vart lagt inn i budsjettsaka. Det er vedteke nokre nye prosjekt, mellom anna «Parkering Brunvoll» og «Berglibekken - ny kulvert», og det er nokre prosjekt der tidlegare løyvingar blir overførte til 2025. Kyrkjeleg felleusråd har og tidlegare løyvingar på 1 mill. som no blir lagt inn i budsjettet.

I framlegget til korrigeringar som vart vedteke for investeringsbudsjettet i budsjettsaka 12. desember var det ein feil som gjorde at finansiering frå momskompensasjon ikkje vart teken ned. Dette gjorde at det vedtekne låneopptaket var ca 1,6 mill kr for lågt i forhold til realistisk anslag. Dette blir korrigert no.

Det vart i fjor utbetalt 276 000 kr til trimløype på Hallbjønnsekken, etter vedtak i 2022. Dette skulle finansierast frå infrastrukturfondet, men me hadde ikkje noka budsjettregulering etter at utbetalinga vart gjort, så denne blir lagd inn no.

I det reviderte budsjettet blir også ubrukte lånemidler fra 2024 lagt inn i finansieringen, slik at årets låneopptak kan justeres med ca 6,6 mill kr.

Tabell 4

Prosjektnavn	Prosjekt-nummer	Rekneskap jan-april 2025	Opphavelg budsjett 2025	Budsjett- justering 1. tertial 2025	Rev. budsjett 2025	Merknader
UV-anlegg Hallbjønnsekken	5500	20	-	156	156	Restbevilgning frå 2024
Driftsovervakning oppgradering 2022-2024	5502	-	500	-300	200	KS 19/2025, sum må sjekkes
Rehabilitering va-nett	5503	-	3 000	-	3 000	
Utbygging VA Hallbjønnsekken	5504	-	-	170	170	frå 2024
Dalen RA (rein/urein sone)	5506	-	-	100	100	100' frå 2024
Ristgodsferning Lårdal og Åmdals-Verk RA (1)	5507	761	3 800	-2 000	1 800	KS 19/2025 Justert ned
Dalen brygge - septikmottak	5508	177	320	-120	200	KS 19/2025 Justert ned
Kamerainspeksjon og lekkasjesøkar	5509	-	300	-300	-	KS 19/2025 Justert ned
Resipient utgreiing Åmdals åi (RA4)	5510	-	250	-250	-	KS 19/2025 Justert ned
PA102 Monsjordet - åkryssing	5511	-	2 500	-2 500	-	KS 19/2025 Justert ned
Ny PLS og nytt UV-anlegg Høydalsmo	5512	308	1 000	-400	600	KS 19/2025 Justert ned
IT VTDS	6101	143	300	-	300	
Utstyr helse og omsorg	6301	-	250	-	250	
IKT - trådløs dekking helse og omsorg	6306	-	100	-	100	
Styrka beredskap smittevernustyr og medikament	6307	-	100	-	100	
Bandak aktivitetspark - vassfront Dalen	6403	-	332	-	332	Tilskot 194'
Ballbinge Høydalsmo	6405	-	75	-	75	
Ravnejuv	6406	-	250	-	250	
Tiltak gangsing-sykling jmr sykkelbygda	6409	-	375	-	375	
Branntomt Åmdal Verk	6411	-	450	-	450	
Gulbjørgsalen - sceneteppe, lyd, kinolrerret	6412	-	250	-	250	
Oppgrad. sanitær Soria Moria, Dalen bryggje m.	6413	-	700	-	700	
Pendlerparkering Høydalsmo	6414	-	1 225	-	1 225	
Bil landbruksvikar	6450	-	200	-	200	
Bustadtomter, inkl. regulering Dalen	6461	-	1 000	-	1 000	
Opprusting/påkostnad kommunale bygg	6503	-	250	-	250	
Kommunale utleigebustader, oppgradering	6504	901	1 500	-150	1 350	Justert mot 6545 tilskot 825'
Elvarheim - vedlikehald og Enøk	6505	34	980	-	980	
Kommuneverkstad	6507	310	300	-	300	
ENØK-prosjekt, styringsystem	6508	777	1 000	1 000	2 000	Auka ramme
Oppgradering aldersbustader	6514	402	2 000	-500	1 500	tilskot 660'
Trafikksikringstiltak	6517	-	-	200	200	Ny ramme
Opprusting kommunale vegar	6519	-	1 750	-	1 750	
Skilting kommunale vegar	6520	-	130	35	165	Auka ramme
GS Vistadmoen VA-del	6521	170	-	170	170	Restkostnad 2024
Opprustning Tokke skule	6525	698	2 000	-	2 000	
Erosjonsskring og autovern kommunale vegar	6528	125	-	125	125	Rest 2024
Kryssing FV 450 ved Elvarheim	6535	-	300	-	300	Tilskot 180,
Opprustning Lårdal grendehus	6536	-	705	-	705	
Grillhytte høydalsmo barnehage	6539	158	-	400	400	Meirforbruk - auka ramme
Garasje Buøy	6540	192	-	200	200	
Enøk aldersbustader	6543	575	-	1 500	1 500	Tilskot 50%
ENØK utleigeboliger	6545	54	-	150	150	Justert mot 6504 tilskot 206'
Utskifting gateljos	6546	-	510	-	510	
Gapahuk	6548	305	400	-	400	
Dagsenter	6549	76	4 500	-4 300	200	Flytt til 2026, pluss auke
Tokkehallen Dusjanlegg	6550	-	2 500	-2 500	-	Kommer sak til hausten
Dalen kanalåtbryggje, konstruksjon	6551	4	1 700	-	1 700	
Rehabilitering av tak Dalen barnehage	6552	-	4 000	-	4 000	
Oppussing skyllerom avdeling B	6553	-	1 000	-	1 000	55% tilskot Husbanken
Skifting av glas helsesenter	6554	-	2 000	-	2 000	55% tilskot Husbanken
Garasje for legebil	6555	-	250	-250	-	Fjerna, då det ikkje lenger er behov
Utbedring bryggjekafe	6556	355	500	750	1 250	Justert opp 750 000 i KS 17/2025
Toalettanlegg Høydalsmo skule	6585	1 100	-	1 500	1 500	Rest 2024 + auka ramme
Ombygging kommunehus	6590	108	-	110	110	90' overført frå 2024 + 20 ny ramme
Arbeidsrom vaktmester	6593	-	1 000	-1 000	-	Flyttet inn i Dagsenter prosjekt
Maskinplan	7112	500	-	1 000	1 000	I hht vedtatt plan
Tilskot investeringar - kyrkja	9014	-	500	1 010	1 510	Tidlegare løyvingar
Eigenkapitaltilskot KLP	9029	-	850	-	850	
Formidlingsutlån - avdrag	9521	275	950	-	950	
Åheim - kjøkken og kontor	-	-	-	250	250	Sak 31/2025
Parkering Brunnvoll	-	-	-	1 188	1 188	Sak 27/2025
Berglibekken, ny Kulvert	-	-	-	2 500	2 500	KS 56/2024
Uspesifisert kutt VA budsjettsaka	-	-	-6 170	6 170	-	
Sum alle planområde (brutto)		8 528	42 682	4 114	46 796	
Finansiering: Overf. frå drift /disposisjonsfond			-	1 938	1 938	
Fondsmidlar - kap.inntekter			950	276	1 226	
Moms.kompensasjon			8 136	-1 626	6 510	
Tilskot/refusjonar - eksterne midlar			4 319	146	4 465	
Unyttå lånemidlar			-	10 000	10 000	
Nytt låneopptak			29 277	-6 620	22 657	

Planområda

1 - Sentraladministrasjon

Økonomi

Det er behov for korrigering av lønnsbudsjett bla. på grunn av konstituering av kommunedirektør. Etaten kommer tilbake til dette i andre kvartalsrapportering etter tilsetning av ny kommunedirektør.

Sjukefråvær/avvik

Total sjukefråvær i fyrste tertial var 4,62% inkludert Nav Vest-Telemark. Av dette 1,68% korttidsfråvær og 2,94% langtidsfråvær. Samanlikna med tredje tertial i 2024 har total sjukefråværsprosenten gått opp med 0,80%.

Planområde 1, har i det fyrste tertial fått to avvik i kategorien personvern og informasjonssikkerheit.

Handlingsplan

Utfordring og tiltak	Mål	Status
Informasjonsarbeid	Jobbe for å finne gode løysingar slik at både tilsette og innbyggjarar får den informasjonen dei har behov eller er interesserte i.	Kontinuerleg arbeid. Civis - app er tatt i bruk. Informasjon frå kommunen kommer også å vera med i kyrkjelydsblad, Kyrkjelyden.
Ta i bruk fleire funksjonar i de digitale programvare kommunen har.	Effektivisere og forbedra det daglige arbeidet	Kommunen tar i bruk EveryOne i økonomisystem ERP Kommune.
Etablere nærttenestesenter (pilot)	Prosjektleiar tilsett og prosjektplan godkjent av kommunedirektøren. Prosjekt godt forankra innad i kommunen. Innbyggjarane kjent med kva nærttenestesenteret kan hjelpe dei med.	Tilsetjinga er ferdig og det blir jobba med å få tenester frå staten til kommunen.
Levere i tråd med ungdomsgarantien og ha spesielt fokus på unge som søker sosialhjelp (Nav)	Redusere unge under 30 år som søker sosial med 10%.	Antall unge har auka frå 43 i fjor til 50 i år. Vi har stort fokus på ungdommane , men det har kome mange nye. Talla er totalt og sier ingenting om omfang og eller kor lenge dei har sosialhjelp. Vi har utarbeida ein tiltaksplan som vi fylgjer

2 - Oppvekst

Økonomi

Oppvekst ligg pr 30.04 – 25 tett opp til budsjett

Lønn: Samla er det eit overforbruk på om lag kr 117 000, som utgjer 0,4 % på samla lønsbudsjett.

Drift: Driftsbudsjettet har eit underforbruk på om lag på kr 115000. Det medføre at etaten har eit totalt overforbruk på kr 2000,- som utgjer 0,01% av periodisert budsjett.

Avvik :

Avvik	Lukka
8	6

Avvik som er knytt til bygg ol. er registrert på teknisk etat.

SJUKEFRÅVÆR:

Fyrste kvartal:

Samla:	7,78 %
Korttid	1,74 %
Langtid:	6.04 %

Det er ein auke i sjukefråværet på om lag 2,32 % frå fjerde kvartal i 2024 til fyrste kvartal 2025. Auke i fråværet er hovudsakleg knytt til langtidsfråvær – sjukmeldingar i barnehage, skule og vaksenopplæringa.

HANDLINGSPROGRAM (status):

Tiltak	Evaluering av tiltak
Rekruttering	Oppvekst har hatt fleire tilsetjingsprosessar i mars/april. Det har vore mange søkjarar på lærarstillingane, men me har ikkje lukkast i å få nok barnehagelærarar. Me manglar også styrar i ei av barnehagane og gitarlærar i kulturskulen. Me har totalt 4 tilsette/studentar som tek barnehagelærarstudie på rekrutteringsordning.
Utviklingsarbeid i barnehage og skule	Både skule og barnehage held fram med Kompetanseløftet. Me har vidare fokus på: • Inkluderande praksis og spesialpedagogikk • Laget rundt barnet BTI (betre tverrfagleg innsats) • Intensiv opplæring

	Fokus på gode barnehage – skulemiljø.
Aktiv og synleg kulturskule	Kulturskulen arbeidar fortsatt for å vera ein synleg og aktiv kulturskule, og for gode samarbeid med andre tenester i kommunen. Samarbeid med grunnskule vart trukket fram på nasjonalt nivå gjennom podkasten "Heia kulturskolen" i mars og foredrag v/Eirik Irgens på Lederkonferansen i april. Vi arbeidar med fornying av kulturskulekonsertar og auka samspel på tvers av fag. Frå januar har vi hatt kulturveke og småtrinnsfest, kulturvandring og kulturskulekonsert, oppretta drama og teater som tilbod, "dans til fest"-kortkurs og ukulelekurs i grunnskulen i Høydalsmo.
Planarbeid	Lokal del i Oppvekstplan er ferdig, og skal opp til politisk behandling i juni. Både skule og barnehage har evaluert: ➤ Trafikksikringsplan, skule og barnehage ➤ Beredskapsplanar, skule og barnehage
Born og Unge	Det er god aktivitet på ungdomsklubben. Sommarskulen blir gjennomført i veke 26. God påmelding. «Buss heim for ein 50 – lapp» er sett opp 3 gonger, vår 2025.

3 - Helse og omsorg

Økonomi

Etaten ligg innafor ramma så langt i år både innafor lønn og totalen. Det kan sjå ut som om heimetenesta har ein feil i budsjettering, men det må sjåast nærmare på årsaka til det.

Det blir for tida leigt inn to stykk vikarar, som helsefagarbeidar frå vikarbyrå på institusjon. Institusjon har midlertidig stengt ein avdeling på grunn av utfordring med rekruttering av helsefagarbeidarar. Det gjev totalt sett eit lågare forbruk på institusjon enn budsjettert. Meir om dette kjem under drift.

I budsjettvedtaket frå desember fekk helse- og omsorg tilført midlar til ei 50% stilling på tenestekontoret, samt eit innsparingskrav på kr. 400 000. Det er løyst gjennom at rådgjevar i helse- og omsorg går inn og støtter tenestekontoret med deler av stilling. Det betyr ei reduksjon i rådgjevarstilling totalt sett. Det blir då ikkje lyst ut nokon stilling på tenestekontoret. Tiltaket er gjort i samråd med partane.

Det elektroniske pasientjournalsystemet for omsorgstenesta skal avviklast og det var satt i verk eit stort samarbeid av DigiTv for felles anskaffelse av nytt journalsystem. Dagens leverandør kjem ikkje til å utvikle den eksisterande løysinga etter 2025 – kun vedlikehald. Arbeidet har fått tilskot frå helsedirektoratet og de fleste kommunar i Telemark er med på prosessen så langt. Eit skifte opnar for å ta i bruk nært føreståande felles komponentar frå NHN som for eksempel pasientens legemiddelsliste og sentral foreskrivningsmodul. Kommunane må nå bestemme seg endeleg for tilslutning med frist i begynninga av juni.

Drift

Utfordringar med å få rekruttert helsepersonell held fram. Innføring av sjukepleiarteam har resultert i at me ikkje lenger manglar sjukepleiar i omsorgstenesta. Tiltaket med sjukepleiarteam har såleis vert effektivt med omsyn til pasientoppfølging med behov for sjukepleiarkompetanse, og har gjeve ei kvalitetsforbetring totalt sett for pasientane. Men endringa har ikkje letta bemanningssituasjonen på institusjon, nå er det helsefagarbeidarar som er den største mangelen. Prosjektperioden for utprøving av sjukepleiarteam går frem til hausten, og ein vil i perioden arbeide for å bruka personalressursane fleksibelt. Ein ser allereie ei stor gevinst av eit tettare samarbeid mellom heimeteneste og institusjon. Det må samtidig gjerast eit endringsarbeid både knytt mot innbyggjarane og bruk av heimetenesta. Endringsarbeidet består i informasjon om forventingar og ivaretaking av eiga helse.

Institusjon har bruka vikarbyrå for å fylle opp helsefagarbeidarar gjennom første tertial. Arbeid med oppgåvedeling fortsett vidare for å avlaste helsefagarbeidarar. Med bakgrunn i bemanningssituasjonen er ein avdeling på institusjon stengt ned for å prøve å redusere presset ein periode. Det betyr ei reduksjon frå 28 plassar til 23 plassar. Det har for så vidt gått bra ein periode, men ein ser at behovet svingar og i stort sett ligg på 25- 26 institusjonsplassar. Ein må merke seg at reduksjon av langtidsplassar også vil gje svekt i inntekter på sikt. Ein full langtidsplass har ei gjennomsnittleg inntekt på kr. 200 000 per år.

Stor del av pasientane på institusjon har svære omsorgsbehov og 80% av dem har ei demensdiagnose. I ei periode i vår har det vert ei prøveperiode med etisk refleksjon for tilsette. Tiltaket skal evaluerast før sommaren.

Det var tilsett ei ny fastlege i februar. Det ser ut som om fastlegelistene jamnar seg ut noko og det går som planlagt.

Helsestasjon og skulehelsetenesta har streva med rekruttering over lang tid. Nå er begge to faste helsesjukepleiar ute i permisjon, og ein har ikkje fått tilsett personell med helsesjukepleiarkompetanse. Fagleg leiar for helsesøstertenesta skal vera helsesøster (helsesjukepleiar), jf. forskrift om lovfesta sjukepleiarteneste i kommune § 3 fjerde ledd. Dette skaper utfordringar for drifta framover. Nå har vi sikra drifta gjennom at avdelingsleiar for helse innehar kompetansen som helsesjukepleiar, men på sikt er det en nødvendig kompetanse kommunen må stille med.

HMS

Avvik i perioden 01.01.25 – 30.04.25

Det har vore 58 registrerte avvik i perioden samla for alle avdelingar. Den største bekymringa per nå er avvik som går på mangel på helsepersonell. På sikt kan dette leia fram til avvik knytt til pasientbehandling.

Avdeling	Totalt frávær	Korttidsfrávær	Langtidsfrávær
Helse og omsorg	8,27	2,32	5,95
3100 Administrasjon	2,38	2,4	0,00
3210 Legeteneste	3,37	0,6	2,79
3210 Fysio- og ergo	0,00	0,00	0,00
3310 Helsestasjon	1,6	1,6	0
3490 Ps. helse og rus	20,26	4,0	16,3
3510 Heimesjukepleie	10,42	3,9	6,48
3520 Institusjon	14,05	3,1	10,90
3530 Sjukepleiarteam	3,88	0,7	3,15
3540 Omsorgsteneste	0,00	0,00	0,00
3550 Åheim	5,60	1,6	3,97
3590 Kjøkken	1,08	1,1	0,00

Avdelingar med >2 tilsette er fjerna

Sjukefráværet har auka første tertial 2025, både jamført med sama tid 2024 og sist rapportering. Enkelte små avdelingar gjev, som tidlegare meldt, stor utslag på totalen. Omsorgsavdelingane pleier å ha høgt frávær, men Åheim ligg nå lågare enn på lenge, noko som er svært positivt. Fráværet heng i stor grad saman med tilgang på helsepersonell. Avdelingar med stor turnover og mykje vakansar har i stort sett eit større frávær. Som tidlegare rapportert har avdelingsleiarane utfordringar med å følgje opp sjukemeldte i god nok grad. Tida strekker rett og slett ikkje til, då tida brukast på bemanning og dagleg drift, som må bli prioritert.

Handlingsprogram

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål	Status
7.4.1 Sikra rekruttering av relevant kompetanse i alle delar av tenestene	Rekruttering av helsekompetanse er ein av dei største utfordringane i helse- og omsorgstenestene. Tokke kommune skal :Ta i bruk og aktivt arbeide med rekrutteringsplan og kompetanseplan systematisk gjennom heile året og være i forkant for å dekke behovet for helsepersonell.	Helse og omsorgstenesta i Tokke kommune er ei god og attraktiv arbeidsplass med riktig kompetanse	Utfordringane med rekruttering held fram.
7.4.2 Tilpasse drift og økonomiske rammer med omsyn til behov og befolkning Dreie ressursbruk frå behandling til førebyggjande innsats	Kommunane står innfor store utfordringar med omstilling. Helse og omsorgstenestene må arbeide med omstilling og innovasjon, for å nå ein berekraftig drift. Tokke kommune skal:Arbeid med tenesteutvikling, omstilling og prioritering. Oppretthalde forebyggjande tenester med stor brukar og samfunnseffekt.	Helse- og omsorgstenestene driftar med god kvalitet innafor økonomiske rammar. Helse og omsorgstenesta satsar på folkehelse og tidleg innsats i tråd med nasjonale føringar	Etaten har oppfølging med økonomiavdelinga jamleg. Det er sett i verk arbeid med driftsgjennomgang.

4 – Plan, Næring og Kultur

Økonomi:

Planområde har hatt eit mindreforbruk enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje har betala ut så mykje tilskot innanfor landbruk som budsjettert. Dette er noko som kan forandre seg gjennom året fordi ein veit ikkje kva for søknader som kjem inn og når på året dei kjem. Så langt i 2025 har det vore lite søknader.

Det er og ein mindreforbruk på lønn og det skuldast sjukemelding, og at vi ikkje har erstatta eller leigd inn vikar.

Sjukefråvær:

Planområde	Totalt frávær	Korttid	Langtid
4	10,36 %	1,15 %	9,21 %

Det er høgt sjukefråvær på etaten no. Vi er få tilsette og når ein får sjukemelding på ein eller to tilsette så gjer dette store utslag. Vi arbeider aktiv med å få ned sjukefråværet.

Utfordringar:

Vi har no fått laga eit forslag til reguleringsplan Dalen som skal ut på høyring. Det er ein stor milepel, og det vil frigjere mykje kapasitet som gjer at vi kan starte på andre viktige utviklingsprosjekt i kommunen.

På grunn av sjukefråvær så har vi store utfordringar med å drive utviklingsarbeid innføre dei fleste fagområda. Vi må prioritere naudsynte oppgåver og vi hjelper kvarandre på tvers av fagområda for å oppretthalde gode tenester.

5 – Teknisk

Økonomi

Samla sett ligg etaten med eit overforbruk etter 1. tertial kvartal, også etter ein grov periodisering. Dette overforbruket ligger på underkant av 1 million, viss denne trenden fortsette vil ein havne på eit overforbruk på 3 millioner i år.

Vi ligger med eit mindre forbruk på ca. 5 mill i forhold til 1 tertial i 2024.

Overforbruket er jevnt fordelt på ansvara, vil under her nemne dem største avvikene

5410 Vassanlegg og 5420 Avløpsanlegg har eit overforbruk/under forbruk som er tilnærma likt. Her har ein ikkje flytta over dei eine lønnskostnaden frå Vassanlegg over på Avløpsanlegg

5510 Kommunale veger har eit overforbruk på ca. 300 000. Dette pluss meir må ein ta inn i løpet av sommaren. Slik at ein har budsjett å gå på til vinterseongen startar.

5810 Bygninger har eit overforbruk på 4 % i forhold til periodiseringa

Straumkostnadene er likt periodisert utover året i budsjettet, men dem største regningene kjem i 1. her ligg det vanligvis at 45 % av straumregninga ligg.

5610 Brannvern: Her kjem det stadige pålegg frå sentralt hold om nye kurs og økt kursing. Me er per i dag ferdig kursa på røykdykkar og lastebil/uttrykking, samt kurs på sikkerheit på mindre skip.

AVVIK:	
Avvik	Lukka
11	11

Det er mindre avvik i 1. tertial. Enn det var nokon av tertiala i 2024.

SJUKEFRÅVÆR planområde 5:

PL5			
	Total Fråværs %	Korttids %	Langtids %
1. Tertial	4,38 %	1,27 %	3,11 %
2. Totalt	4,38 %	1,27 %	3,11 %

I 1. tertial er korttids fraværet tilfredsstillende, men ser at auke i 2024 på langtidsfravær held seg framdelens høgt, men er på veg nedover i år.

Utfordring og tiltak	Mål	Status
ENØK – tiltak og utvikling av klimavenlige energiløysingar på kommunale bygg og anlegg	Redusere straumutgifter og førebu overgang i eit grønt skifte.	Ein vil i sommar starte med utskifting av vinduer på helsesenter og aldersboligar. (50 % støtte frå husbanken)
Leggje til rette for gode arbeidstilhøve, følgje opp HMS – krav med laglege bygg for teknisk drift/kommuneverkstad.	Gode arbeidstilhøve og eigna tenestebygg.	Ein jobber nå med samlokalisering av ute og va, og samtidig ein samlokalisering av fagleiare på sama sted.
Oppgradering og klimatilpassing av kommunale vegar og anlegg	Forebygge skadar og ulykker som følgje av ekstreme nedbørsmengder	Det er utført grøfterensk og ein har med overvannhåndtering inn nå i alle tiltak.
Energimerke alle kommunale bygg over 500 kvm. Stort overforbruk på energi	Få ein oversikt over alle bygg og hvor det er lette vinstar å hente ut.	Arbeidet er startet opp, personar er kurset og ein vil levera rapporter på bygg fortløpende.

Kommunedirektørens tilråding

Budsjettrapporten blir teken til orientering

- Ramma til planområda blir justert i samsvar med Tabell 2
- Fellesinntektene/-kostnadene blir justert i samsvar med Tabell 3
- Investeringsbudsjettet blir justert i samsvar med Tabell 4